

Framsyninga i venterommet på Ropeid

Ein skvillion Takk! Åh, for eit ope hav av kreative stjerne-skudd duvande i margen, levert av ei meisterleg teatergruppe med dans, saksofon og song i venterommet på Ropeid! Dette skulle vore vist nasjonalt!

Alle i teatergruppa var som glimrande, sterke silkevevarar langt inn under og over huden. "Imponerende" blir eit nesten evneveikt ord om ein skulle beskriva komposisjonane tett innpå og utanfor vindauga.

Takk - takk - takk, ta.. imot det og meir til, frå ei som kom og tenkte frå første blick på fjellknausen over venterommet der ei vakker kvinna stod i kvite klede, ruska av vinden:

"No tek du av deg skylappane dine Elisabeth! - la deg fyllast og forast som eit instrument! Dei kjem til å spela på deg!" Og slik blei det.

Ein kjenner med ein gong om noko er ærleg.

Kjære Elin Gunnarsdotter Sandvik & Co, også de bak i kulissane, de har gitt oss ei skreddersydd gåve med respektfylt blick frå alle kantar som for og imot, fylt av poesi i røter til bladkrone, historie og framtid, så inkluderande - alt med ei livsnerve, ukueleg optimisme og velkomst til nye tider uansett.

Som sørgjande over slutten på ferja og spørjande om brua, tek eg imot invitasjonen med latter og smil. For når eg skal køyra over fjorden, kvar meter utan ei bølge i kroppen, i regi av framgangens malurt om enn ein viss (ja da) søt frihet, skal eg trøysta meg med билетet av Elin som spring mot kaien med luftmadrass og padleåre mens bølgene gjekk litt kvite; ho skulle ikkje over nokon bru, nei! Det er lenge sidan sjølvironien har fått slik ein god latter som ein bugnande sommarleg krans på hovudet som det.

Og så, for eit bittersøtt bakteppe til skodespelarane, da! Å sitja inne i varmen og sjå på andre sida av glaset; ferja som kom og gjekk!

Tårene rann, operasongaren fylde rommet med himmelklår klang av lament, ho dansaren strakk sjela som fornøgde, balanserte musklar med krystallfrisk luft, skodespelarane gav raust av seg sjølv uten eit snev av tilbakehaldenhet i sin ungdoms ynde. Og Erik på saksofon som festa blikket innforbi og svøpte oss inn i ekko frå før han vart fødd, forstå det den som vil. Tenk, han strauk fingrane langs kvite trådar av tidsveven over våre hovud! Eller kva såg du? Kva såg andre?

Teaterstykket opna auga i alle fall på mang ein plass inni universet av ein time. Gysla imponerende altså!

Me måtte snu og bevega oss for å sjå kva som kom, som ein høveleg symbolikk, me drakk saft og åt festmat, me fekk gåver: smykke med taktfaste sving av ord i, video snuttar på fjellveggen bak svarte klede med dampande duft av barnåler og greiner.

Om det verkeleg er mogeleg å vera så fri? Jau, det er det, og då kan vel fleire òg? Kva opne dører me har!

Det har Åshild Vetrhus og hennar kollegaer vist oss før òg. Den kjære stemmen som var med, og på CD til sjukehus og heim igjen i fjor. Alle var med å senda blikket til meir enn som så.

Teaterframsyninga er ein uforgløyemeleg katt, velplassert meir enn i minnet.

Hjarteleg helsing frå
Elisabeth Litlehamar
Helmert helsar smilande